

gissøren går ikkje i djupna rundt rolla til reporteren, sjølv om han er medviten og engasjert.»  
Håkon Tveit om *Tusen ganger god natt*

# film

n publikumsfavoritt.



Marie, Ali Mostafa (t.h.) som eksmannen og Tahir

lar det stadig om måten å gjere det på, noko som gjer at poenga har sete laust når det gjeld publikumsrøystinga. Legg til ein glitrande regidebut frå kasakhstanske Emir Balgazin med *Harmony Lessons* om valdsutviklinga i eit skuleungdomsmiljø, og det er berre eit ørlite snitt av ein blomstrande festival med mange andre ingrediensar. Om eit fåtal vert innkjøpt til kinovising, er det ikkje mindre viktig at festivalar medverkar til å halde oppe interessa for film i verdsklasse.

## ROALD HELGHEIM

Roald Helgheim er journalist i Dag og Tid.

æresprisvinnar.



Apichatpong Weerasethakul frå Thailand fekk ærespris av Film frå Sør.  
Foto: Roald Helgheim

utstillinga skildrar eg også forfølgjingar i nyare tid mot opposisjonelle, seier han.

– Når det gjeld reinkarnasjon, brukar eg det som ein metafor for mange livsstadium i eit menneskes liv, og det speglar seg att i filmene, seier multikunstnaren som er inspirert av både Andy Warhol og andre filmskaparar.

Utstillinga *Photofobia* i Stenersenmuseet varer til desember.

ROALD HELGHEIM



## FRÅ SØR TIL KINO

Sør-filmar på norsk kino:  
*Den grønne sykkelen*  
*The Wind Rises*  
*Fortiden*  
*Heli*  
*A Touch of Sin*  
*The Lunchbox*  
*Gullburet*  
*The Grandmaster*  
*Wolf Children*  
*Som far, så sønn* (biletet)



## MANGAPOLIS

*Summer Wars* (biletet) er ein av seks filmar i programmet Mangapolis med animert japansk film. Nominert til animasjonsutgåva av Oscar er *Summer Wars* ein sofistisert cyberthriller. Mattegeniet Kenji Koisu brukar all si tid på eit virtuelt sosialt nettverk han kallar OZ, mens han i det verkelege livet skal feire bursdagen til oldemor, og det vert krig i cyberspace.

Japan er stormakt når det gjeld animert film. *The Wind Rises* er avslutningsfilm for Film frå Sør-festivalen søndag.



## SØR-PRISAR

«Sølvspeilet» er hovudprisen til Film frå Sør som blir delt ut til den beste av nitten filmar i ein internasjonal konkurranse. «Dok:Sør» er Film frå Sørs dokumentarfilmpris, mens alle filmene på festivalen er med i tevlinga om publikumsprisen. Vinnardokumentarfilmen vert kjøpt inn av NRK og blir vist i fjernsynet neste år. Den indiske matpakkefilmen *The Lunchbox* (biletet) er ein av favorittane.

RH



# KLASSISK MUSIKK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhb@aol.com

## Akilles i kvinneklede

Ei god Händel-oppsetjing som kunne vore endå betre.

### DVD



GEORG FRIEDRICH HÄNDEL:  
**Deidamia**

DE NEDERLANDSE OPERA, CONCERTO

KÖLN, DIR.: IVOR BOLTON,  
REGI: DAVID ALDEN.  
OPUS ARTE 2012

Jamføring (CD): IL COMPLESSO BAROCCO/CURTIS (EMI 2003)

Händels siste opera, *Deidamia*, som hadde premiere på Nasjonaloperaen i Nederland i mars i fjor, ligg no føre på DVD og Blu-ray. Oppsetjinga har enkle og vakre scenebilete, slik me likar å førestella oss det klassisk greske, samstundes som kulissane spelar effektfullt med perspektiviske illusjonar, slik me kjenner det frå barokke hagelandskap. I orkestergrava leier den engelske stjernedirektoren Ivor Bolton barokkorkestret Concerto Köln, som er samspele og reagerer presist på alt som blir dirigert. Songsolistane er òg gode.

Dette ville vore ei mest fullkomen operaoppleving, hadde ikkje den amerikanske regissoren David Alden fått herja med hovudpersonane.



Deidamia framstilt på eit fat av Nicolò da Urbino frå 1525.  
Foto: Kunstgewerbe-museum Berlin



Kvinne som spelar mann som spelar kvinne: Olga Pasiecznik (Akilles) brøler til Sally Matthews (Deidamia) i De Nederlandse Operas produksjon av Georg Friedrich Händels (1685–1759) *Deidamia*. Foto: De Nederlandse Opera

ren David Alden fått herja med hovudpersonane.

### ALVORSANGST

Aldens regi er gjennomsyrd av postmodernistisk alvorsangst, han er av den sorten som ikkje kan seia «Gud» utan å seia «faen» etterpå. Sjølsagt er opera illusjon, det er ikkje ekte kjensler me opplever på scena, men god opera skaper ekte kjensler i oss. Og kvar gong det er tillaup til storfelt tragikk i musikken, fjasar Alden det bort med eit slag koreografierte spasmar hjå songarane, ei form for unaturlege kroppsrørsler som vanskeleg lèt seg forklara på prent. Skal dette vera morosamt?

### AKILLES I KVINNEKLEDE

Likevel greier ikkje Alden å øydeleggja denne elles så fine *Deidamia*-oppsetjinga. Til hans forsvar skal det òg nemnast at Händels tragiske opera frå 1741 heller ikkje er fri for komiske innslag. Det ser me

på handlinga, som er henta frå trojanarkrigen: Orakelordet seier at grekarane ikkje vil vinna over trojanarane utan at Akilles er med, og han kjem då til å lata livet utanfor Troja. Akilles' far vil ikkje ofra son sin, difor sender han han til Lykomedes, kongen av Skyros. Under dekknamnet «Pirra» skal Akilles leva i løynd der som kvinne. Ein helt i kvinneklede, altså. Slikt lika dei i barokken.


Det som kompliserer det heile i Händels opera, er at det er ei kvinne som spelar ein mann (Akilles) som har kledd seg ut som kvinne. Men dette meistrar den polsk-ukrainske sopranen Olga Pasiecznik framifrå. Italianaren Umberto Chiummo (kong Lykomedes) gjer den beste siderolla, med fint skodespel og mørk og nobel bassrøyst.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Utan påteken patos

### CD



JOHAN SVENDSEN:  
**Orchestral Works, Vol. 2**

TRULS MØRK, CELLO; BERGEN FILHARMONISKE ORKESTER, DIR.: NEEME JÄRVI. CHANDOS 2012

Johan Svendsens *Cellokonsert i D-Dur*, op. 7, som blei urframført i Leipzig i 1871, er ikkje av det ekstrovert-virtuose slaget. I seg har han både noko av Wagners veldige strykarklang

og Dvoráks kjekke treblåsar-melodiar. Cellomelodien er ei uendeleg lang line; han ligg som ei yte på orkesterklangen, ikkje som solistisk motpart til orkesteret.

Under den estiske dirigenten Neeme Järvi spelar Truls Mørk cellostemma utan påteken patos, artikulert med klare og stødige bokestrok. Bergen Filharmoniske Orkester kling framifrå, særleg i den spretne *Norsk rhapsodi nr. 3 for orkester*, op. 21, som opnar dette vellukka albumet.

SJUR HAGA BRINGELAND



Vår fyrste store symfonikar: Johan Svendsen (1840–1911).